



DEN NORSKE KYRKJA
Bømlo Sokneråd

Møtereferat

Bømlo Sokneråd

Sted:	Bømlo kyrkje	Dato: 26.10.22
Fremmøtte:	Trygve Totland, Elin Vold, Fríðleif Lydersen, Rolf Magne Skippervik, Einar Eidesvik og Nancy Helen Olsen	
Referent:	Nancy Helen Olsen	

Saksliste:

Sak 116 - 179 - 2022 - Godkjenning av saksliste og innkalling.

Innkalling og saksliste godkjent

Sak 117 - 180 - 2022 - Godkjenning av referat.

Referat godkjent.

Sak 118 - 181 - 2022 - Prostdag 3/11

Trygve Totland stiller frå vårt sokneråd

Sak 119- 182 - 2022 - Årsmøte 2023

Set av 26. Mars til dette

Sak 120 - 183 - 2022 - Ønskje om plastjuletre i kyrkja

Det er enighet om å kjøpe plasttre men må vera eit stort. Elin gir beskjed til Linda. Det er ønskeleg med juletre i kyrkjebakken. Trygve har eit tre som kan nyttast. Han tek kontakt med Odd Ingvar for hjelp til å få dette på plass.

Sak 121 - 184 - 2022 - Konfirmasjonsfest i framtida

Fríðleif har gjennom tid observert at det på konfirmantgudstjenesta er lite kyrkjegjengerar utanom konfirmantar og gjester. Kva kan gjerast? Me må tenkje ut idear til å snu denne trenden.

I andre sokn er dei begynnt å gå vekk i frå den tradisjonelle feiringa etter overhøyrings gudstjenesta. Konfirmantfesten vert erstatta med evt.kveldsgudstjeneste med pizza etter eller kyrkjekaffi. Ein ser at i dei store sokna er det fleire som ikkje har råd til å betale for festen.

Me vedtek å ha konfirmantgudstjenesta og fest slik det har vore.

Sak 122- 185 - 2022 - Forespørsel om støtte til matkasse til jul

Forespørselen kjem frå Bømlo Frivillighetssentral og Hjartespira. Me vedtek å gi ei gåve på 5000 kr til prosjektet.

Det vert minnegudstjeneste i Lykling kyrkje 5. november. Svanhild Vespestad og Trygve Totland deltek

Sak 123 - 186 - 2022 - Soknerådsvalg 2023

Rolf Magne Skippervik, Gorm Eidesvik, Trygve Totland og Dagnor Engenes seier ja til nytt valg. Liste over valgkandidatar skal vere klar i slutten av Mars 2023.

Det vart bestemt å lage eit informasjonsskriv der ein får litt innblikk i kva soknerådet arbeider med. Når skrivet er klart skal det ut i alle postkassar. Etter dette kan arbeidet med å ringe aktuelle kandidatar starte.

Sak - 124- 187 -2022 - Eventuelt

Det vert kyrkjekaffi søndag 30/10 då det er gudstjeneste med utdeling av 4 års bok. Elin og Trygve lagar kaffimat.

Hautfest på omsorgstunet vart arrangert i oktober. Svanhilds orkester underhaltdt. Svanhild Vespestad og Sissel (diakon) leia festen.

Det er planlagt nyttårsfest 4/1 -23 på Omsorgstunet.

Diakoninemda er ajour med blomsterutdeling til jubilarar.

Det skal skiftast nokre mønebord på lagerskuret. Dei som arbeider ved kyrkja no ordnar dette. Det trengs og ny dør og skuret skal malast.

Det bør og ryddast i skuret, evnt.få opp nokre hyller.

Foldedøra i kyrkja er montert feil veg. Må skjekke opp i om dette kan ordnast.

Preikestolen er ikkje sett på plass inne i kyrkja. Det er delte meiningar om plassering eller om den i heile tatt skal inn att i kyrkja. Me lyt sjå på skissene kvar den er planlagt plassert.